

Søknad

Søknadsnr.	2015-0165	Søknadsår	2015	Arkivsak
Støtteordning	Regionale utviklingsprosjekt Hordaland			
Prosjektnavn	Folgefonnssenteret - Søknad om tilskot			

Kort beskrivelse

Restfinansiering av bygg for Folgefonnssenteret inkl opparbeiding av uteareal og sjøfront.

Prosjektbeskrivelse

Bakgrunn

Folgefonnssenteret har vore under planlegging sidan opprettinga av Folgefonna nasjonalpark i 2015. Folgefonna Nasjonalparksenter vart allereide allereide etablert i ei gammal sjøbu (Guddalsbua) i 2005. Senteret har autorisasjon frå Miljøverndepartementet som "Besøkscenter for Folgefonna Nasjonalpark". Nasjonalparksenteret skal formidla natur, kultur, næring og historie i nasjonalparken og elles i Folgefonnregionen. Geologi er hovudtemaet til Nasjonalparksenteret.

I ettertid har Bjerknessenteret og Havforskningsinstituttet kome til som faglege deltakarar i senteret. Desse to internasjonalt anerkjente forskningsinstitusjonane, har begge pågåande forskningsprosjekt knytt til Folgefonna og Hardangerfjorden. Forskningsresultata vil bli formidla gjennom Folgefonnssenteret. Dei tre fagmiljøa vil utfylla kvarandre og gje eit heilskapleg bilete i høve til dei tema som skal formidlast. Som gjennomgåande tema har ei valt "den hydrologiske syklus". Vatn, i ulike former, er eit sentralt element i ver, klima, biologi, geologi, landskapsforming, busetnad, kultur, næringsverksemd etc.

Turistinformasjonen for Kvinnherad vil og bli lokalisert til Folgefonnssenteret. Det vil bli samarbeidd med dei andre "Folgefonnkommunane" om gjensidig formidling av reisemål. Her står besøksmåla og innfallsportane til nasjonalparken sentralt. Desse er allereide etablerte, og ein kan nemna Juklafjord (Jondal), Rullestad/Åkrafjordtunet (Etne), Buerdalen (Odda), Agatunet/buførevegen (Ullensvang) og Bondhusdalen/Steinparken (Kvinnherad) m.fl.

Det er under oppretting ei stifting som skal stå for den daglege drifta av senteret. Dei fem kommunane saman med Bjerknessenteret/UiB står som stiftarar. Dei same vil bli styrerepresentert, og i tillegg Havforskningsinstituttet.

Det at alle kommunane kring Folgefonnhalvøya og dei to forskingsinstitusjonane stiller seg bak, er med å gje senteret ei regional forankring, og sikra høg fagleg kvalitet.

Dei tre faginstitusjonane, Folgefonna Nasjonalparksenter, Bjerknessenteret og Havforskningsinstituttet vil bli lokalisert i Folgefonnssenteret i kontorfellesskap.

I tillegg vil nasjonalparkforvaltning og naturoppsyn ha kontorplass der. Dette kontorfellesskapet har vore lokalisert i det sålalla "Knutepunktet" i Rosendal frå 2011.

Målgruppa vil i første rekkje vera skuleelevar og studentar. Det ligg ei rekkje vidaregåande skular innanfor "dagsreiseavstand" til Folgefonnssenteret, og vi reknar med at formidlinga her vil vera med på å styrka interessa for natur og geofag generelt. Ein forventar og at studentar vil nytta senteret i samband med forskning og feltarbeid som finn stad. Ein forventar og at senteret vil bli brukt i samband

med faglege kurs og konferansar i tilknytning til dei ulike tema som senteret formidlar. I tillegg til desse gruppene vil Folgefonnsenteret ver eit interessant besøksmål både for lokalbefolkninga og tilreisande. Det vil vera eit tilskot til dei atraksjonane som finst frå før, og vera med på å styrkja heile regionen som reisedestinasjon.

Byggeprosjektet

Byggeprosjektet omfattar ca 700 m² nybygg og ca 250 m² ombygging av Guddalsbua (noverande nasjonalparksenter og turistinformasjon). Nybygget vil og bli bygd inntil noverande skipsbyggingsmuseum, slik at heile bygningsmassen vil utgjera vel 1100 m².

Bygget blir ført opp i regi av Kvinnherad kommune med kommunen som eigar. Prosjektet blir leia av ei styringsgruppe med tre representantar frå Kvinnherad kommunestyre, ein frå Havforskningsinstituttet, ein frå Bjerknessenteret og to frå private økonomiske bidragsytarar.

Byggeprosjektet har ei kostnadsramme på 28,6 mill. kroner eks. tomt som er verdsett til 1 mill. kroner. Prosjektet har i dag ei finansiering på 27,1 mill kroner. dette er ei tilnærma tredeling mellom Kvinnherad kommune, Hordaland fylkeskommune og lokale private bedrifter.

Prosjektet var ute på anbuds konkurranse i vinter med ei finansiert kostnadsramme på 23,4 mill kroner. Resultatet av anbuds konkurransen var ei manglande finansiering på 5,2 mill kroner.

Styringsgruppa vurderte avlysning avlysning og ny anbuds konkurranse. Dette ville medført utsett byggestart, kostnad med avvikling av ny konkurranse og usikkert resultat. Styringsgruppa valde difor å oppmoda dei ulike økonomiske bidragsytarane om å finansiera opp prosjektet. Dei private bidragsytarane auka si finansiering med tilsaman 1,7 mill kroner, Kvinnherad kommune løyvdde 2,0 mill kroner meir til prosjektet og vedtok samstundes å be Hordaland fylket auka sin del av finansieringa. Kommunen har og lagt inn 1,5 mill ekstra i økonomiplanen som forskottering av ein evt auke frå fylket.

På bakgrunn av denne finansieringa er det inngått kontrakt med entreprenørfirmaet Byggservice AS om oppføring av Folgefonnsenteret. Arbeidet tek til i oktober 2015 og blir ferdigstilt i august 2016. Opning av utstilling/formidling er forventa til påske 2017.

Uteområde

Byggekontrakten omfattar kun bygget og ikkje utearealet mellom Folgefonnsenteret og sjøfronten. Dette blir ein offentleg plass der ein først møter Rosendal frå sjøsida, og som besøkjande til senteret. Området er ca 500 m² og er og tenkt som utstillings/formidlingsområde for den marine delen og geologi. Med den framtrekande plassen, og bruken dette arealet vil få, ynskjer ein å leggja inn gode kvalitetar når det gjeld gatebelegg, belysning og beplantning. Det er ikkje utarbeidd detaljplanar for dette pr. i dag, men kostnadene er estimert til ca 1,5 mill. kroner.

Som fullfinansiering av byggeprosjektet og delfinansiering av uteområdet vil vi søkja Hordaland fylke om eit tilskot på Kr 3 000 000,- . Sjå elles budsjett og finansieringsplan.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker /	Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	91781004
Prosjekteier	Org.nr:964967636	5470 ROSENDAL	

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Kontakt-person	Magne Øyre	Rosendalsvegen 10 5470 ROSENDAL	91781004
Prosjekt-leder	Magne Øyre	Rosendalsvegen 10 5470 ROSENDAL	91781004

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Hordaland fylkeskommune:

Regionale utviklingstiltak:

2007: Kr 2 500 000,

2013: Kr 1 900 000,

Kompensasjonsmidlar:

2012: Kr 2 200 000,

2013: Kr 800 000,

Spesifikasjon**Bakgrunn**

Folgefonnssenteret skal vera eit formidlingssenter for forskning og forvaltning. Senteret skal ha fokus på formidling og aktivitetar med utgangspunkt i Folgefonna nasjonalpark, bre- og klimaforskning ved Bjerknessenteret, marin forskning ved Havforskningsinstituttet og næringsliv. Sentrale tema i Folgefonnssenteret er berekraftig bruk og utvikling med fokus på forskning, forvaltning, undervising, opplevingar, vern, tilsyn og næringsutvikling relatert til fjord, bre, geologi, klimaendringar, energi, naturmangfald, kulturminne og matproduksjon, i spennet frå Hardangerfjorden til Folgefonna. Jf. prosjektbeskrivelse.

Prosjekt mål

Frå Vedtektene til Stiftinga Folgefonnssenteret:

"Føremålet med stiftinga er å driva Folgefonnssentert som eit senter for forskingsbasert kunnskapsformidling kring tema knytt til Folgefonna, landskapet og fjordsystema kring Folgefonnhalvøya.

Folgefonnssenteret skal samarbeida med godkjende besøksmål og innfallsportar på Folgefonnhalvøya. Stiftinga skal også stimulera interessa for friluftsliv i nasjonalparken, for kulturlandskap, kulturminne, lokale kultur- og handverkstradisjonar og betydninga desse har for lokal næringsutvikling."

Med dei store forskingsmiljøa som samarbeidspartnarar vil Folgefonnssenteret framstå med ei fagleg breidde som gjer det unikt, også i samanlikning med andre natursenter. Det vil bidra til å utvikla Rosendal som ein atraktiv tettstad, og gi ringverknader til alle kommunane kring Folgefonnhalvøya, ved utvikling av besøksmål og marknadsføring av regionen som reiselivsdestinasjon.

Forankring

Div. vedtak i Kvinnherad kommunestyre/formannskap

01.09.2011 Godkjenning av forprosjekt og vedtak om vidare arbeid

09.04.2015 Vedtak om finansiering og igangsetjing av byggeprosjekt

Vedtak i kommunane Etne, Odda, Ullensvang, Jondal og Kvinnherad om oppretting av "Stiftinga Folgefonnsenteret"

Signert samarbeidsavtale mellom faglege deltakarar og økonomiske bidragsytarar.

Prosjektorganisering

Prosjekteigar: Kvinnherad kommune

Prosjektansvarleg (PA): Magne Øyre

Styringsgruppe:

Kvinnherad kommunestyre, 3 repr.

Havforskningsinstituttet, 1 repr.

Bjerknessenteret, 1 repr.

Private bidragsytarar, 2 repr.

Prosjektleiar (PL): Anne Guri Kildal

Prosjektgruppe:

Tekniske tenester, 3 ing.

Samarbeidspartnere

Fagleg:

Bjerknessenteret

Havforskningsinstituttet

Folgefonna Nasjonalparksenter

Økonomisk:

Hordaland fylkeskommune

Norsafe AS

Skålafæro AS

Hellesøy Verft AS

Sunnhordland kraftlag AS

Administrativt:

Kommunane

Fylkesmannen

(Sjå vedlagt samarbeidsavtale og stiftingsdokument)

Aktiviteter

Sjå prosjektbeskrivels og Bakgrunn/mål

Målgrupper

Sjå prosjektbeskrivelse og Bakgrunn/mål

Resultat

Auka interresse blant skuleelevar/studentar for natur/geofag generelt, og auka forståing av av klimaproblematikk og bærekraftig utvikling.

- Byggja opp fagmiljø lokalt med "høgkompetansesarbeidsplassar"

- Byggja opp ny reiselivsattraksjon som vil trekkja fleire tilreisande til regionen og dermed stimulera reiselivsnæringa.

Effekter

Sjå prosjektbeskrivelse og resultat

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Etter inngått kontrakt med entreprenørfirmaet Byggservice AS startar byggearbeidet i oktober 2015 og vert ferdigstilt ved utgangen av august 2016.

Kontrakten er ein totalentreprise og entreprenøren har sjølv ansvar for å administrera/koordinera framdrifta i prosjektet.

Etter ferdigstilling vil utstillings/formidlingsdelen bli installert, med opning av senteret til påske 2017.

Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Byggherrekostnader (løn, jur. bist., gebyr, etc.)	1 270 000					1 270 000
Entreprisekostnader (kontrakt)	23 530 000					23 530 000
Grunnkjøp	1 400 000					1 400 000
Opparbeiding uteområde (ikkje med i kontrakt)	1 500 000					1 500 000
Prosjekteringskostnader (ark/konulent)	2 400 000					2 400 000
Sum kostnad	30 100 000					30 100 000

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Hellesøy Verft AS	1 200 000					1 200 000
Hordaland fylkeskommune (kompensasjonsmidler)	3 000 000					3 000 000
Hordaland fylkeskommune (RUP)	4 400 000					4 400 000
Kvinnherad kommune	9 000 000					9 000 000
Norsafe AS	3 600 000					3 600 000
Regionale utviklingsprosjekt Hordaland (søknad)	3 000 000					3 000 000
Skålafjæro AS	2 400 000					2 400 000
Sunnhordland kraftlag AS	3 500 000					3 500 000
Sum finansiering	30 100 000					30 100 000

Geografi

1224-Kvinnherad

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Samarbeidsavtale om etablering og drift av Folgefønnsenteret.pdf	1 648 916	17.09.2015
Stiftingsdokument og vedtekter for Stiftinga Folgefønnsenteret.docx	23 901	17.09.2015